



Sjå mottakarliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ove Midtbø, 5764 3176

Alver kommune gbnr. 99/4 Våge – terrenginngrep, mur og planering

Vi viser til oversending frå Alver kommune 21.12.2022, som gjeld klage på administrativt vedtak 17.06.2022 om løyve til terrenginngrep, mur og planering på gbnr. 99/4 Våge.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland stadfestar Alver kommune sitt vedtak 17.06.2022, sak 683/22, om løyve til terrenginngrep, mur og planering på gbnr. 99/4 Våge.

Bakgrunn for saka

FanAgro AS søkte 21.12.2021 på vegner av Judith Eikevik (eigar av gbnr. 99/4) om etterfølgjande løyve etter plan- og bygningslova til vesentleg terrengendring, endra trasè for landbruksveg, etablering av natursteinsmur og planering på gbnr 99/4. Det vart i tillegg søkt om å dyrke og planere to felt på til saman 7-8 dekar som skal opparbeidast til fulldyrka jord. Etter førespurnad frå kommunen, vart søknaden supplert 06.05.2022 og 07.06.2022.

Alver kommune gjorde følgjande administrative vedtak 17.06.2022 i sak 683/22:

«Det vert gjeve løyve for terrenginngrep, etablering av mur og planering på gbnr 99/4 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert revidert 30.05.22 mottatt 08.06.22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
- 2. Topp på ferdig dekke dei siste to meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kote høgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg.*
- 3. Toleransgrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.*
- 4. Vilkår i vedtak om bakkeplanering i sak 21/10445 av 6.04.22 skal stettast.*



5. Tiltaket får tilkomst til offentlig fylkesveg via privat veg. Avkjørsle er opparbeidd og tiltaket krev ikkje utvida bruk av avkjørsle ifølgje vegmynde.

Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Dokumentasjon på ferdigstilt bakkeplanering godkjent i sak 21/10445 av 06.04.22.

2. Sosi-data for plassering av tiltaket.

Løyvet er heimla i plan- og bygningslova § 520-1, 20-2.»

Som naboar på gbnr. 99/1, har de i brev 01.07.2022, klaga på den delen av vedtaket som gjeld løyve for terrenginngrep, etablering av mur og planering. Klagen inneheld ei rekkje klagegrunnar som kan oppsummerast slik:

- Landbruksfaglege tilhøve er ikkje ivaretekne.
- Kulturlandskapsmessige tilhøve er ikkje ivaretekne.
- Løyvet vil skape ein uheldig presedens i liknande saker.
- Tiltakshavar har konsekvent brote fleire lowerk: Jordlov, Konesjonslov, Plan- og bygningslov, Kulturminnelov, Nabolov og fleire.
- Kommunen har ikkje klart å kontrollere denne tiltakshavaren før, vil heller ikkje klare det no. Vil vere heilt uråd å kontrollere om vilkåra vert oppfylt.
- Tiltakshavar har aktivt neglisjert og arbeidd imot APM sitt vedtak 13.10.21 om tilbakeføring, i staden bygd vidare ut det som skulle tilbakeførast.
- Ansvarleg utførande Alf Eikevik har alt brote vilkår: har signert på at arbeidet med mur (som alt er bygd 4-5 m høg i 100 m lengde) ikkje skal starte før det ligg føre kvalitetssikra produksjonsunderlag for det som skal gjerast.
- Den 22 tonns beltegravemaskina som har vore brukt, og skal brukast til å utføre omsøkt arbeid, er ikkje godkjent av Maskinregisteret, dvs. ulovleg å bruke av firma Eikevik Svømmebassengservice. Maskina manglar «samsvarserklæring» og «sakkyndigkontroll».
- Med stor sannsynlegheit skattemessig ulovleg drift, gjeld både det allereie utførte anleggsarbeidet, og arbeid som er omfatta av denne søknaden.
- Uansvarleg drift og manglande sikring.

FanAgro AS har kommentert klagepåstandane i brev 08.08.2022, og de har sett fram ytterlegare kommentarar i brev 21.08.2022.

Klagen er vurdert og handsama av Alver kommune v/Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022, sak 156/22, utan at det er funne grunn til å ta denne heilt eller delvis til følgje. Saka er derfor sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd 21.12.2022.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte avsnitt og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnet skal Statsforvaltaren legge stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.



Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktige etter § 20-2. Kommunen skal gje løyve til tiltak som ikkje er i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 21-4 første avsnitt.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF-føremål.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren legg innleiingsvis til grunn at de har klagerett, og at det er klaga til rett tid, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Vidare finn vi at saka er tilstrekkeleg opplyst til å kunne gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33.

Dette gjeld ein etterfølgjande søknad om godkjenning av tiltak som allereie heilt eller delvis er utført på gbnr. 99/4. Som det vert vist til i saksutgreiinga frå Alver kommune, skal søknader om etterfølgjande godkjenning av tiltak handsamast tilsvarande som for søknader som ikkje er utført. Det at tiltak er utført, skal verken tale til søkjaren sin fordel eller ulempe.

I klageomgangen har Alver kommune vurdert at fleire av dykkar klagegrunnar ikkje er relevante for klagesaka. Dette gjeld mellom anna følgjande:

- Tilhøve knytt til skattelovgjeving og manglande registrering i Maskinregisteret, er regulert i andre lovverk, og fell utanfor plan- og bygningslovgjevinga å gå nærare inn i.
- Fem av klagegrunnane gjeld pågåande arbeid på eigedomen, og må følgjast opp av Alver kommune gjennom føresegnene om oppfølging av ulovlege tiltak på vanleg måte. Kommunen viser også til at dette omfattar klagepåstandane om at faktisk utførte tiltak ikkje er i samsvar med etterfølgjande søknad som no er godkjent.

Vi har ikkje merknader til Alver kommune si vurdering av at dei ovannemnde klagegrunnane ikkje vil vere relevante for denne konkrete klagesaka. Vi støttar kommunen i at det er innsendt søknad med vedlegg som må vurderast etter plan- og bygningslovgjevinga, uavhengig av om omsøkte tiltak heilt eller delvis allereie er utført utover det som er søkt om godkjenning for i ettertid. Eventuelle avvik frå søknaden og tiltaka som er godkjent etter plan- og bygningslova i vedtaket av 17.06.2022, må følgjast opp etter føresegnene i plan- og bygningslova kapittel 32 om ulovlegoppfølging på vanleg måte. Vi oppfattar at Alver kommune har oppretta eiga sak om ulovlegoppfølging når det gjeld tiltaka som er utført på den aktuelle eigedomen.

Det sentrale spørsmålet i denne saka vert om tiltaka på gbnr. 99/4, slik dei er beskrivne i søknaden 21.12.2021 med supplerande opplysningar 06.05.2022 og 07.06.2022, kan godkjennast etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Ved vår gjennomgang av opplysningane og dokumenta i saka, registrerer vi at dei relevante klagegrunnane knytt til landbruksfaglege tilhøve, kulturlandskap og presedens også har vore sett fram som tidlegare nabomerknader til søknaden.

Som ledd i kommunen si ulovlegoppfølging, er det ikkje uvanleg at det vert opna for innsending av etterfølgjande søknader om å få godkjent allereie utførte tiltak heilt eller delvis etter plan- og bygningslovgjevinga. Slik vi ser det, har Alver kommune gjort ei konkret og grundig vurdering av



tiltaka som er omfatta av søknaden, og som mellom anna byggjer på innhenta fråsegner og vurderingar frå fagmyndigheiter som skal ivareta interessene knytt til mellom anna landbruk og kulturlandskap. Vi kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i saka som tilseier at dei konkrete tiltaka som er godkjent i vedtaket av 17.06.2022, er i strid med plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2. Vi kan derfor ikkje sjå at det er grunnlag for å ta klagen på det aktuelle vedtaket heilt eller delvis til følge.

Statsforvaltaren har forståing for at de opplever dei allereie utførte tiltaka på gbnr. 99/4 som ei ulempe for dykkar naboeigedom. At Alver kommune har godkjent søknaden om terrenginngrep, etablering av mur og planering på gbnr. 99/4 i tråd med søknad 21.12.2021 og supplerande opplysningar 06.05.2022 og 07.06.2022, betyr ikkje at alle dei utførte tiltaka på eigedomen er godkjent. Det er tiltakshavar som har det heile og fulle ansvar ovanfor bygningsmyndigheitene for at godkjende tiltak etter plan- og bygningslovgjevinga vert utført og ferdigstilt i tråd med dei løyva som vert gitt. Alver kommune pliktar å følge opp eventuelle avvik utover det løyvet som er gitt i vedtaket av 17.06.2022 i sak 683/22 etter føresegnene i plan- og bygningslova kapittel 32 på vanleg måte.

Oppsummering:

Klagen har ikkje ført fram. Vi finn ikkje grunnlag for å gjere om Alver kommune sitt vedtak 17.06.2022, sak 683/22, om løyve til terrenginngrep, mur og planering på gbnr. 99/4 Våge.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

FANAGRO AS	Brugata 6	5200	OS
Judith Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Mottakerliste:

Elin T Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	Lindås
Henry Reidar Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	Lindås